

Årsmelding 2016 for Seim Songkor

I året 2016 har styret vore samansett slik:

Leiar : Hermund Nesse

Nestleiar: Knut Atle Johannessen

Kasserar: Reidunn Fosse

Referent: Marit Bøe Vaage

Styremedlem: Kenneth Sjo Samuelsen

1.vara: Gudny Sognnes

2.vara: Ingunn Johannesen

Valnemnd : Karen Nesse og Bjørg Furnes

Noteforvaltarar : Anne Britt Risa og Anne Mette Krøger

Musikkutvalet: Hildegunn Sture Sylta, Tove Anette Holter og Knut Atle Johannessen, Arve Hopland.

Det har vore 8 styremøte og styret har handsama **41** saker.

Dirigent for koret i denne perioden har vore Tove Anette Holter.

Året starta med øving 07. januar og årsmøte 17. mars.

Forutan to seminar, har koret vore med på sju konsertar og ein konkurranse.

17. januar: Vi deltok på Nyttårskonsert i Biskopshavn kyrkje.

13. februar: Førmiddagskonsert med Bergen Music Corps i Grieghallens foaje.

14. februar: Basar på Seim skule

27-28 mai: Øvingshelg/konsert/Sommarasvslutning: Øving på Ungdomsskulen i Knarvik fredag og laurdag. Vi tok korbilde og opptak av salme 100 som Tove viste i Frode sitt bryllaup.

Konsert i Knarren med vokalgruppa Tonevrimmel. Det vart ein fin konsert med 22 betalande gjester.

Etter konserten var det grilling i hagen heime hos Thorbjørg og Hans Egil, samt omvisning i hagen av Hans Egil. Ein flott hage med imponerande mange rododendron og andre planter.

26- 28 august: Øvingshelg på Glesvær. Kjekk plass å vere. Vi bodde i leiligheiter og åt frukost og lunch der. Middag kjøpte vi på Glesvær Kafe. God stemning og mykje sang under middagen særleg på laurdagen.

25. september: Korkafe på Fedje

2. oktober: Konsert i Seim kyrkje til inntekt for nytt piano. Nytt piano er på plass.

8-12 oktober: Korfestival i Beira i Portugal. Vi deltok i to klassar og fekk gulldiplom i begge. I klasse B1 fekk vi 21,5 poeng og i Sakral klasse 23,13 poeng. Vi fekk dermed synge Grand Prix finale på avslutningskonserten med våre to finalenr I tillegg song vi ein konsert i Macao saman med eit damekor frå Latvia. Ein fantastisk tur, med mykje sosialt samvær og med masse busskøyning, men det siste har vi gløymt.

3 november: Gullkonsert i Knarvik Kyrkje med programmet frå Portugal. Det var 153 selde billetter. Med sponsorinntekter sit koret att med eit resultat på ca. 37 000.- Takk til Roald, Arve og Hans Egil.

23. desember: Julenatt. Intimkonsert, med solistar, vokalgrupper og kor. Med oss var Bjørnenak/Fredheim/Nilssen Trio, dei spelte barokkmusikk som var veldig fint saman med koret. Frode var med oss på orgel og piano. Antal selde billetter 137, men berre 108 reigstrerte betalande.

Sidan forrige årsmøte har vi fått 2 nye medlemmar.

Takk til Thorbjørg og Hans Egil som stilte hagen og husa sine til disposisjon for vårfesten og takk til Olga som alltid var til uvurderlig hjelp på kjøkenet.

Ekstra takk til Tove for hennar innsats i 2016.

Skrivar

Marit Bøe Vaage

Knarvik